



## Grunneigarane rundt Storavatnet

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/6325 - 14/23486

Saksbehandlar:

Bente Førland

Bente.Forland@lindas.kommune.no

Dato:

20.10.2014

## Møtereferat: Storavatnet, orientering om ny midlertidig avtale

**Stad: Seim skule, 16.09.2014 kl. 1900**

**Referent: Arne Eikefet**

### Til stades:

#### Frå grunneigarsida:

E. Hundven  
Svein Thorsheim  
Christian Morvik  
John Olav Thorsheim  
Elisabeth Idsø Gjerde  
Ingvard Gausereide  
Terje Kleivdal  
Advokat. Frode S. Halvorsen  
Bjørn Christiansen  
Bjørn Dag Pedersen  
Vemund Grimstad  
Olav Brakestad  
Olav Thorsheim  
Odd Maurset Vabø  
Jan B Thorsheim

#### Frå kommunen:

Advokat Endre Grande  
Ordførar Astrid Aarhus Byrknes  
Arne Eikefet

Ordførar ønskte velkommen før adv. Endre Grande gjekk gjennom hovudpunkta i avtaleteksten, slik den vart godkjent i kommunestyremøte den 6.2 2014.

Adv. Halvorsen kompletterte dette med at denne avtalen er vesentlig klårare enn avtalen av 2008 i og med at den gir klårare omtale av handtering av styringa av vatnet og handtering av tvistar. Men

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



ein skal merke seg at heller ikkje den nye avtalen løyser dei grunnleggande utfordringane i saka. Grunneigarande ønskjer seg ein varig avklaring av riktighetene rundt vatnet. Dersom dette er juridisk avklart før det er gått 5 år, så fell den midlertidige avtalen bort. Avtalen er signert av forhandlingsutvalet og ikkje av det samla grunneigaromfanget. I høve den politiske handsaming forutsette grunneigarutvalet at to konkrete brev i saka var lagt fram for politikarane, noko kommunen stadfesta.

Frå grunneigarsida vart det vidare kommentert den nye mogelegheita for overtapping av vatn frå det no tilkopla Sjausetvatnet, til justering /oppfylling av Storavatnet ved behov.

Administrasjonen ved Arne Eikefet avviste denne overtappinga som aktuelt tiltak bortsett frå i ekstreme tilfelle. Dette skuldast Sjausetvatnet sin status som reservevasskjelde ved mellom anna forureining i Storavatnet og at dette tryggleikssystemet måtte vere intakt også ved lågt nivå i Storavatnet.

Frå grunneigarhald vart det stilt spørsmål om det vart utført konsekvensutgreiing av prosessen med utdjuvinga av kanalen ved Treskallen, ettersom kanalen som gyteområde no synest sterkt forringa. Kommunen, ved Arne Eikefet, kjende ikkje til at det hadde vore utført slik planprosess her.

Frå grunneigarane vart det etterlyst hardare kommunal styring av uttaket over Treskallen, til Kjeggjarvatn og vidare til Nesfossen Smolt.

Endre Grande viste her til avtalen sin omtale av denne styringa og elles med at Nesfossen Smolt må vike for kommunalt behov for vassforbruk.

Vidare vart det etterlyst frå Jan Thorsheim dette med oppfølgjande driftsmøte med Lindås kommune og det vart i møtet omforeint at kommunen no skulle kalle inn til dette. Kontaktperson hjå grunneigarane skulle vere Terje Kleivdal.

Tilbakemelding frå landbruksfagleg person som Olav Brakestad har engasjert, har trekt ut i tid, utan at verken kommunen eller grunneigar veit kvifor. Under møtet vart personen kontakta, med påfølgjande lovnad om snarleg tilbakemelding.

Adv. Endre Grande gjekk deretter gjennom den vidare framdrifta i denne saka, slik den er omtalt i kommunestyret sitt vedtak den 6.2.2014:

Vidare prosess som vedkjem tvist om rettane rundt vatnet vert sett i gang med det første ved at saka vert brakt inn for Nord- og Midhordland jordskifterett som rettsutgreiingssak. Parallelt vert det sett i gang eksternt konsulentarbeid for klarlegging av framtidig vassbehov for Lindås kommune og for Nesfossen Smolt, med tilhøyrande trong for regulering.

Når dette er avklart, må det utarbeidast konsesjons- og reguleringsøknad til NVE. Denne må om naudsynt også omfatte kommunalt løyve til å oreigne retter som er naudsynte, men som ikkje inngår i dei retter som Jordskifteretten avgjer at kommunen har.

Når så desse prosessane er på plass og vedtaket frå NVE ligg føre, er det tid for nye forhandlingar med grunneigarane med sikte på å få til ein permanent avtale. Eit skjønn med grunnlag i NVE sitt vedtak vil i så fall fastsette erstatningane til grunneigarane.

Dette er omfattande prosessar som det trengs truleg minst 5 år for å fullføre, men som har den føremon at avgjersla vert løfta over til nøytrale, eksterne instansar.

Frå adv. Halvorsen vart det kommentert at grunneigarane har bede kommunen om økonomisk bistand til dei juridiske prosessane her og han bad om at kommunen ved høve kom med tilbakemelding på dette .

Ordføraren avslutta med å vise til at det i løpet av dette grunneigarmøtet ikkje var kome innvendingar mot avtalen slik han no ligg føre, og konstaterte dermed at avtalenno var omforeint og gjeldande mellom kommunen og grunneigarane.  
Ordføraren takka så dei frammøtte for eit godt møte.

---

Med helsing

Arne Eikefet  
einingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Grunneigarane rundt Storavatnet